

Søknad

| | | | | |
|----------------------|--|------------------|------|-----------------|
| Søknadsnr. | 2018-0016 | Søknadsår | 2018 | Arkivsak |
| Støtteordning | Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018 | | | |
| Prosjektnavn | Kunnskapsinnhenting – Ferdselsteljing | | | |

Kort beskrivelse

OMSØKT PROSJEKT – ”Kunnskapsinnhenting – Ferdselsteljing” er deltiltak under ”Vandring og verdiskapingsprosjektet” og pågående prosess for utvikling av besøksstrategiar for UNESCO området Vestnorsk Fjordlandskap gjennom ”Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling”.

Nærøyfjorden Verdsarvpark ber om støtte til innkjøp av teljeapparater og timer i felt for oppsett i 2018.

Prosjektbeskrivelse

Som del av ei heilskapleg besøksforvaltning av Vestnorsk Fjordlandskap er det nødvendig å henta inn konkret kunnskap om ferdsel langs stiane i regionen. Dette ynskjer vi å gjera for å kunne forvalta, overvåka og evaluera behov som gjeld i eit verdifullt natur-og kulturlandskap.

Det er skissert å setta opp tre teljeapparat ute i terreng på punkt som er peika på i skissa til besøksstrategien for området som avlastningsområde og pressområde. * I 2018 er det tiltenkt eit slikt teljepunkt langs kvar av desse strekningane: Rallarvegen, Aurlandsdalen og Prest.

I 2019 er det tenkt å flytta teljeapparata til andre stier, og slik la dei rotera i mellom 9 stiar. På den måten vil ein få samla informasjon over tid. Kvar sti vil ha teljeapparat kvart tredje år.

*Besøksstrategiane er ikkje publiserte og er i prosess/ til behandling. Strategiarbeidet er gjort i samarbeid med Verneområdeforvaltar og Visit Sognefjord/Visit Voss. Det kan difor ikkje leggjast ved denne søknaden.

Kontaktopplysninger

| Funksjon | Navn | Adresse/poststed | Mobil |
|---------------------------------|---|-------------------------------|----------|
| Søker / Prosjekteier | Nærøyfjorden Verdsarvpark Org.nr:992413999 | Helabrotet 2A 5745 AURLAND | 95172595 |
| Kontakt- person | Nærøyfjorden Verdsarvpark | Helabrotet 2A 5745 AURLAND | 95172595 |
| Prosjekt- leder | Snædis Laufey Bjarnadottir | Helabrotet 2A | 94269338 |

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

1. Tilskot over VSP''''n for lokale og regionale Parkar. (KLD)
2. Infrastrukturmidlar reiseliv (Brekkestien i Flåm)
3. Tilskot til verdiskaping basert på naturarven. (Miljødirektoratet)

4. Tilskot til gjennomføring av landskapskartlegging - og analyse i Vestnorsk fjordlandskap.

5. Tilskot til Nærings- og samfunnsutvikling - Trygg og kvalitativ ferdsel i Aurlandsdalen

Spesifikasjon

Bakgrunn

Under arbeidet med å utvikla besøksforvaltningsstrategien for Vestnorsk Fjordlandskap og innfallsportane til området, blei det observert mangel på konkret informasjon om ferdsel langs dei mange stiane i området. Med veksande reiselivsnæring og aukande trykk på natur-og kulturlandskapet vert behovet større å forvalta trafikken på ein god strategisk måte.

Samtidig er Verdensarvstyret plikta til å laga periodiske rapportar til UNESCO sentralt.

Prosjekt mål

1. Danna kunnskapsgrunnlag over tid.

Kunnskapsgrunnlaget blir brukt til:

- Periodisk rapportering til UNESCO.
- å leggja gode strategiar for fordeling av ferdsel innanfor belasta område og å spreia trafikken ut til avlastningsområde.
- å leggja til rette for utvikling av kvalitative opplevingar i natur- og kulturlandskapet
- å skapa godt grunnlag for å kunne prioritera tiltak.

Forankring

1. Arbeid og pågåande prosess av utvikling for besøksforvaltningsstrategiar for Vestnorsk fjordlandskap.
2. Masterplanarbeid hjå Visit Sognefjord
3. Periodisk rapportering til UNESCO

Prosjektorganisering

Informasjonen vert samla av Nærøyfjorden Verdensarvpark, som har eit mål om oppfølging og vidareutvikling av besøksstrategiane med eventuelt egen stilling på sikt.

Den personen er då under dagleg leiar og styret til verdsarvrådet.

Samarbeidspartnere

1. Verneområdeforvalter
2. Visit Sognefjord
3. Visit Voss

Aktiviteter

1. Gå i gjennom tekniske løysingar som er tilgjengelege, og så kjøpe inn aktuelt utstyr, med best tilpassa teknologiske løysingar. Samtidig setta seg inn i drift og vedlikehald av slike teljeapparat

2. Søkja løyve der det trengs for oppsett av slik apparater
3. Setta opp teljeapparata på 3 utvalgte stiar; Aurlandsdalen, Rallarvegen og Prest området
4. Samla datamateriale og sørga for at apparata fungerer slik dei skal

Målgrupper

Informasjonen vil bli nytta som ein del av grunnlaget for å kunne utvikle god forvaltning og styring av dei besøkande i området. I første rekke er det Nærøyfjorden Verdsarvpark, verneområdeforvalter og Visit Sognefjord som peikar seg ut som hovedmålgruppe. Innsamla data kan også nyttast av reiselivet generelt og turarrangørar spesielt. Eigar av innsamla datamateriale blir Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Resultat

Innsamla datamateriale vil kunne gje eit godt kunnskapsgrunnlag slik at ein har konkrete tal å vise til i arbeidet med besøksforvaltning.

Det er eit ynskje å blant anna kunne styra utviklinga av opplevingsprodukt på ein slik måte at det ikkje går utover toleevnea som natur- og kulturlandskapsverdiane i området har. Det å kunna styra ferdsel på ein strategisk god måte, kan gi sluttproduktet høgare kvalitet for gjestene i området.

Effekter

Innsamla materiale vil gi grunnlag for at ein på ein forsvaleg måte kan laga periodisk rapportering til UNESCO bygd på statistikk.

Grunnlag for å kunne ta best mogleg i mot våre gjester og å tilby gode opplevingar som ikkje går utover naturverdiane og kulturlandskapsverdiane, fordi vi på ein betre måte kan fordele dei besøkande slik at slitasje blir mindre og opplevingane kvalitativt betre.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Oppsett av teljeapparat vår 2018

haust 2018 henta apparater og informasjon, rapportering og oppsummering, eventuelt oppsett langs vinter løyper.

----- Omsøkt prosjektperiode over ----

Oppsett av teljeapparat vår 2019 – nye stadar/stiar

Oppsett av teljeapparat vår 2020 – nye stadar/stiar

Oppsett av teljeapparat vår 2021 – opphavleg plassering

Kostnadsplan

| Tittel | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | SUM |
|--|----------------|-------------|-------------|-------------|-------------|----------------|
| Prosjektleiar (planl., plassering og oppfølging) | 37 500 | | | | | 37 500 |
| Prosjektleiar (søknads., rapportering, systematis) | 37 500 | | | | | 37 500 |
| Teljeapparat *3 | 155 400 | | | | | 155 400 |
| Sum kostnad | 230 400 | | | | | 230 400 |

Finansieringsplan

| Tittel | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | SUM |
|--|----------------|-------------|-------------|-------------|-------------|----------------|
| Egen finansiering (kontor arb. prosj.lei) | 37 500 | | | | | 37 500 |
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018 | 96 400 | | | | | 96 400 |
| Tilskot til næringslivet lokalt | 96 500 | | | | | 96 500 |
| Sum finansiering | 230 400 | | | | | 230 400 |

Prosjektleiar har/kjem til å søka finansiering for "Kunnskapsinnhenting – Ferdselsteljing" andre stader også, og tek ansvar for at prosjektet ikkje blir dobbelt finansiert. Døme på andre søknadsstader:

- Miljødirektoratet
- Flåm AS
- The Fjords

Geografi

1417-Vik, 1421-Aurland, 1422-Lærdal

Vedleggsliste

| Dokumentnavn | Filstørrelse | Dato |
|---------------------|---------------------|-------------|
| | | |